

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Thon Hotel Jølster, Skei  
**Dato:** 30.11.2021  
**Tidspunkt:** 09:00 – 12:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune
Kari Synnøve Muri	Nestleiar	Stryn kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Helge Stormoen	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Vibeke Johnsen	Medlem	Sogndal kommune

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

## Merknader

Mariel Eikeset Koren var med på møtet digitalt på Teams.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Marthe Gjerde	Nasjonalparkforvaltar
Tor Arne Hauge	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	SNO Jostedalsbreen

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_\_  
Ivar Kvalen

\_\_\_\_\_  
Helge Stormoen

## Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 42/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 43/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 44/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker 1. Status tiltak 2. Arbeid med nasjonalparkkart - Merkevere 3. Status arbeid med skjøtselsplanar 4. Møtedato neste styremøte 5. Mediesaker sidan sist		
ST 45/21	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2022		2021/16610
ST 46/21	Jostedalsbreen nasjonalpark - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2021		2021/16471
ST 47/21	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - ny nettside nasjonalparkstyre.no - Personvernerklæring		2021/16662
ST 48/21	Delegerte saker		
DS 12/21	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel i samband med skorfast sau i Erdalen - Jostedalsbreen nasjonalpark		2021/15743

## **ST 42/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.11.2021**

#### **Handsaming i møte:**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

## **ST 43/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.11.2021**

#### **Handsaming i møte:**

Ivar Kvalen føreslo Helge Stormoen til å signere møteprotokollen i lag med styreleiar.

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

## **ST 44/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.11.2021**

#### **Handsaming i møte**

1. Sekretariatet orienterte kort om status på økonomi mot slutten av året 2021.
2. Sekretariatet orienterte om arbeidet med kart etter standarden i designmanual for Norges nasjonalparker, og styret drøfta utkast til brosjyrekart. Styret gav sekretariatet fullmakt til å arbeide vidare med kartet.
4. Møtedato neste styremøte vart sett til 7.mars 2022.

#### **Vedtak**

Styret handsama sakene og tok dei til vitande.

## **ST 45/21 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2022**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.11.2021**

#### **Handsaming i møte:**

Styret drøfta saka drift av styret og årsplan for 2022. Det var ønske om å få til ein studietur til inspirasjon i løpet av 2022. Styret bad om at det vart lagt inn ressursar til dette i budsjettet.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar med auke på kr 100 000,- i driftsmidlar til studietur for Nasjonalparkstyret.

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2022 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- Januar/februar: Styremøte (Bestillingsmøte 2)
- Mars: Styremøte
- 27.-28. april: Nasjonalparkkonferanse (tidspunkt er usikkert)
- Mai/juni: Styremøte og 30-årsmarkering av offisiell opning av nasjonalparken
- September: Styremøte med synfaring
- November/desember: Styre-/dialogmøte med rådgjevande utval (Bestillingsmøte 1).

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner framlegg til driftsbudsjett for året 2022 på kr 410 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 570 000,- i planmidlar.

Sekretariatet legg inn budsjettet i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2022. Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen.

## **ST 46/21 Jostedalsbreen nasjonalpark - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2021**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.11.2021**

#### **Handsaming i møte**

Styret drøfta tiltaksplanen for 2022 og bestillinga frå SNO for 2022.

Styret etterspurde opplegg for skulane i området rundt nasjonalparken. Er det mogeleg å få laga undervisningsopplegg som det er enkelt for skulane å nytta inn i undervisninga i ulike fag? Dette kan vere noko for ei bacheloroppgåve for lærarstudentar.

## **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek tiltaksplanen og bestillinga frå Statens naturoppsyn slik den ligg føre.

Sekretariatet får fullmakt av styret til å prioritere mellom dei ulike tiltaka når desse vert lagt inn i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadsregister (ESS).

## **ST 47/21 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - ny nettside nasjonalparkstyre.no - Personvernerklæring**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.11.2021**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek den nye personvernerklæringa for nettsida til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, <https://www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen/>. Styreleiar vert sett som ansvarleg redaktør for nettsida.

## **ST 48/21 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.11.2021**

#### **Vedtak**

Delegerte saker vart tatt til orientering.

## **DS 12/21 Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel i samband med skorfast sau i Erdalen - Jostedalsbreen nasjonalpark**